



FITJAR KYRKJEBLAD



Nr 1 - MARS 2026
ÅRGANG 49



**DEN NORSKE KYRKJA
FITJAR**

Kyrkjekontoret:

Postboks 10, 5418 Fitjar
Telefon: 913 47 802
kyrkja@fitjar.kommune.no
<https://kyrkja.no/fitjar>

Kontakt oss:

Kyrkjeverje

Harald Rydland 913 47 802
kyrkja@fitjar.kommune.no

Kantor:

Jan Overweg 901 97 069
jaov@fitjar.kommune.no

Sokneprest:

Eli-Johanne Rønnekleiv 906 53 562

Kyrkjelydspedagog:

Randi Lønning Matre 951 38 562
rama@fitjar.kommune.no

Kyrkjegardsarbeidar/vaktmeister

Kjetil Hagevik Ragde 482 48 488

Soknerådsleiar:

Mette Lambach 473 76 423

Nestleiar sokneråd:

Svein Lunde 971 59 009

Bakken barnehage:

Serina Sørffonn 902 27 978
bakken.barnehage@haugnett.no

Gåver:

kontonr. 3546.29.05805
VIPPS: #23412 - FITJAR SOKN

Framsidedfoto: Rolf-Atle Rolfsnes

Redaksjonelt

Presteskifte

På grunn av presteskifte her i Fitjar er underteikna beden om å vera hovud-redaktør for dette nummeret av kyrkje-bladet vårt. Og det var rett og slett ikkje så vanskeleg å sei ja til den oppgåva.

Herman Inge Aadland

For det første kjenner eg på at me har god grunn til å uttrykkja varm takk til Olav Johannes Oma for stødig og trufast teneste gjennom mange år! For det andre må me få sei eit varmt velkommen til Eli Johanne Rønnekleiv som snart skal ta over tenesta. Begge to vil sjølvsagt få fortent merksemd på kyrkjelydsfesten på Fitjar bedehus 22. mars. Den festen ser me fram til med stor glede!

Ei presteskrøne fortel om ei spesiell avskilsgudsteneste. Avtroppande sokneprest registrerte ei eldre dame som sleit med å halda tårene tilbake. Presten ville gjerne trøysta, og spurde henne mjukt om kvifor ho gret. «Jo, nei, det var så sørgjeleg at han skulle slutta.» Nei, det måtte ho ikkje ta så tungt, det kom sikkert ein endå betre prest etter han. Men det var inga god trøyst, for det hadde ho inga tru på, for ho var van til at det «berre vart verre og verre for kvar gong.»

Slik er heldigvis ikkje situasjonen i Fitjar. Sjølv har eg høyrte fitjarfolk sei at det berre vert betre og betre for kvar gong. Det vågar eg sei fordi det har vore fleire etter meg.

Olav Oma har gjort ei flott teneste i Fitjar. Og den har, etter mange si meining, også berre blitt betre og betre. Når røynsler vert tekne inn i kropp og sinn på rett og sunn måte, fører det alltid til vokster. Ungdommeleg pågangsmot og friske krefter er flotte saker. Men røynsle og mogning er også gull verd. Tusen takk til Olav! Og så er det godt for oss at han og Elisabeth vert buande i bygda. Me håpar dei framleis vil trivast mellom oss. Og at me kan få ha glede av dei rike gåvene dei er utrusta med også i framtida. Dei er framleis to av oss!



Foto: Kjetil Rydland/
Fitjarposten

Vene klungerrose

Anders Frostenson

*Vene klungerrose som så bleikraud står,
taggar gav du Jesus, eg din blome får.*

*Byrdene bar Jesus med sin klungerkrans.
Han tok mine synder. Eg fekk glede hans.*

Så kjem altså Eli Johanne. Me kjenner henne frå før som ein fargerik, gjennommusikalsk person, kyrkje-musikar og fitjarven. No er ho prest. Det har runne mykje vatn i havet sidan ho var her sist. Også ho har lagt år, røynsler, kunnskap og visdom til livet. Og me veit at dei som no misser henne som prest i Bergen, er lei seg. Det har me lese mykje om på Facebook. Dei vil sakna ein reflektert, seriøs og dyktig forkynnar og sjelesørgjar. No skal me ta imot henne på ein god og varm måte. Ho skal vera gjenstand for vår omsorg, oppmuntring og forbøn. Ho er ein original, ingen kopi, og ho skal ikkje «hoppa etter Wirkola». Hopping er vel kanskje heller ikkje hennar største interesse.

Varmt velkommen, Eli Johanne! Må du verkeleg få kjenna at du kjem heim! Me gler oss til å ta imot deg.

Lat oss gjera søndag 22. mars til ein festdag i bygda vår!



Kyrkjeskys

Vil du ha skyss til kyrkja?

Då ringjer du ein av desse karane innan laurdag, så ordnar vedkomande med at du blir henta, og at du kjem deg trygt heim etter gudstenesta søndag.

- Johannes Nesse 53 49 91 07

- Nils K. Rydland 90 65 16 17

- Rasmus Fitjar 91 82 41 58



Fitjar sokneråd og nemnda for kyrkjebladet ynskjer **Harald Rydland** til lukke med velfortent kulturpris!

Fitjar Kyrkjeblad

Fitjar sokneråd sitt informasjonsblad

Adresse:

Kyrjekontoret / rådhuset- Postboks 10, 5418 Fitjar

Heimeside Fitjar kyrkjelyd: <https://kyrkja.no/fitjar>

Gåver til kyrkjebladet og kyrkjelydsarbeidet gir høve til skattefrådrag.

Frist for innlevering til neste blad er 17. april til kyrkja@fitjar.kommune.no

Neste blad kjem etter planen 5. mai. Har du tips, stoff eller bilete til bladet, er du velkomen til å senda det til oss.

Redaksjon:

- Herman Inge Aadland
- Roald Drønen
- Rolf-Atle Rølsnes
- Karvel Strømme
- Marie Willemse

Trykk: Kai Hansen Trykkeri Haugalandet



Velkomen til innsetjingsgudsteneste og kyrkjelydsfest!

Sundag 22. mars kl. 11.00 inviterer me til innsetjingsgudsteneste i kyrkja.

Etter gudstenesta, ca. kl. 12.30, vert det kyrkjelydsfest på Fitjar Bedehus.

Her vil me:

- Gjera stas på vår nye sokneprest **Eli Johanne Rønnekleiv**
- Takka **Olav Johannes Oma** for lang og trufast teneste

På festen vert det:

- Gratis middag
- Kaker og kaffi
- Song og musikk
- Helsingar og gode ord

Me håpar at kyrkjefolket fyller bedehuset denne dagen

Hjarteleg velkomen!

Å skriva påskeandakt saman med Petter Dass

Herman Inge Aadland

Ja, i år har eg drista meg til nettopp det; og det av den gode grunn at eg sette meg ned med salmeboka for å leita etter ein talande salme til påskenummeret av kyrkjebladet. Det enda med at eg fall pladask for Petter Dass sin ca. 326 år gamle påskesalme: «Solen på himmelen lukket sitt øye». (Nr. 191 i NoS)

Av respekt for Herr Petter får han ordet først:

*Solen på himmelen lukket sitt øye
den dag da solen på korset gikk ned.
Da stod naturen i dobbelt dødsdøye,
dobbelt formørkelse var det da skjedd.
Men på vår påskedag så man opprunnet
begge de soler som syntes forsvunnet.
Halleluja, halleluja!*

*Etter fornedrelse skal vi opphøyes,
solen skal skinne når regnet er endt,
heder og ære deg, Kristus, tilføyes
for ved oppstandelsen ble det fullt kjent
at du Den høyestes Sønn monne være,
som over døden vant seier med ære.
Halleluja, halleluja!*

*Tiden vil Herren ei lenge forhale,
tredje dag alt han av graven oppstår.
Hva er om tre dagers gravtid at tale,
hva kan de regnes mot evighets år?
Gladelig vil vi med Herren fornedres,
så vi med Herren for evig kan hedres.
Halleluja, halleluja!*

*Aldri er kornet i jorden så lenge
at vi ei spirende oppvekt får se.
Blomster ved sommer skal lokkes av enge,
de som lå dekket av vinter og sne.
Så skal òg blomstre de visnede lemmer,
de som i støvet med tårer vi gjemmer.
Halleluja, halleluja!*

*Fisken skjøt Jonas av buken på stranden,
så skal òg jorden de døde te frem.
Er du min, min Frelser, av graven oppstanden,
skal jeg oppreises og følge deg hjem!
Hvor der er rot, skal der òg vokse grener,
frukter og salighet du oss forlener!
Halleluja, halleluja!*

Denne salmen er ei glitrande teologisk og poetisk framstilling av påskeevangeliet. Forfattaren startar i langfredagen sitt mørker. Han snakkar sterkt om den doble solformørkinga, den kosmiske og den åndelege. Det var ikkje berre den fysiske sola på himmelen som var borte. Håpet, Frelsaren var død! Då er det verkeleg dødt.

Men på påskedagen snur alt. Då er plutsleg begge soler på himmelen med full glans. Kva er då tre dagars gravtid å rekna mot ei æve saman med Kristus?

Me må også rekna med fornedring i vårt liv. Like så visst som me er fødde, skal me verta avkledd og døy ein dag. Men det er berre ein liten episode i livet: «Gladelig vil vi med Herren fornedres, så vi med Herren for evig kan hedres.» Ein bonde veit at kornet aldri blir liggjande så lenge i jorda at han ikkje får sjå at det spirer. Og me, som i år - etter gammalt - har hatt ein skikkeleg vinter, anar alt no at me enno ein gong får sjå naturen livna til. Det er like fint og stort kvar gong. Påskebodskapen går lenger enn det: Våre visne, døde lemer, dei me med tårer gøymer i støvet, skal òg bløma ein dag! «Er du, min Frelser, av døden oppstanden, skal jeg oppreises og følge deg hjem!»

Og då kan me sei med Paulus: «Døden er oppslukt og sigeren vunnen. Død, kvar er din brodd? Død kvar er din siger? Men Gud vere takk som gjev oss siger ved vår Herre Jesus Kristus!» 1. Kor 15, 54b-56

Veit du kva? - det var beint oppmuntrande for meg å få skriva påskeandakt saman med Petter Dass.

God påske til alle! Eller som ein av svigersønene mine seier: Glad påsk!

Petter Dass (ca. 1647 – 17. august 1707)

var en luthersk prest og den fremste norske poeten i sin generasjon, som skrev både barokkhymner og topografisk poesi.

Yrke: Prest i Alstahaug frå 1689, forfattar og ein av dei viktigaste barokk-dikterane i Noreg.

Kjende verk: Nordlands Trompet – topografisk verk om natur, folk og næringsliv i Nordland og salmer som "Herre Gud, ditt dyre navn og ære".

Kjelde: Wikipedia

Lun og triveleg Ukraina-kveld i kyrkja

Torsdag 22. januar var ukrainarar og fitjarfolk inviterte til samling i kyrkja. Føremålet med kvelden var å bygga fellesskap og gjensidig forståing. Godt 50 personar tok imot invitasjonen; og me som var der, fekk ein interessant og gjevande kveld. Arrangementet starta med ei fellesskapsopnande stund med kaffi, kaker og frukt, og det var tydeleg at ukrainarar og fitjarfolk fort fann tonen. Ein del var jo også allereie godt kjende med kvarandre.

Herman Inge Aadland

Som mange veit, er den ortodokse kyrkja det største kyrkjesamfunnet i Ukraina. Av den grunn var det naturleg å invitera Fader Theodor Svane til samlinga. Han er ortodoks prest i Bergen. Men han er også utflytta fitjarbu, og det vart eit hjarteleg møte mellom han og mange i forsamlinga. Då han budde her, heitte han Tor Vegar.

Olav Oma, som alt var innsett som sokneprest i Nysæter, hadde førebudd seg godt til denne kvelden. Han skulle samtala med Svane om trusreisa hans og om det særigne med den ortodokse kyrkja. Det var noko han hadde gledd seg til. Og det vart ein fin, respektfull og spennande samtale. Mange av oss fekk utvida horisonten den kvelden. Det gjaldt ikkje berre oss innfødde, men også dei frå Ukraina. Fader Theodor hadde også med seg eit par vakre ikonar for å understreka den biletsterke ortodokse teologien. Ikonane var måla av kona hans



Mot slutten av samlinga hadde Ingebrigt Sørfonn ein konsentrert og velforma informasjon om arbeidet og livet på bedehuset. Ingen trong vera i tvil om at dei var velkomne der.

Denne samlinga var i regi av Fitjar sokneråd, og Anne Marie Røed ramma kvelden inn med velkomst og takk. Ho er ein av mange som brenn for å inkludera våre nye sambygdingar.

Fader Theodor Svane

er prest i Den ortodokse kyrkja, og tener i Hellige Jomfru Marias Bebudelse Ortodokse Menighet i Bergen. Han står òg oppført som prest (archpriest) i Parish of the Annunciation, Laksevåg i erkestiftet for ortodokse kyrkjer av russisk tradisjon i Vest-Europa.

Han vart ordinert til prest i St. Aleksander Nevskij-katedralen i Paris, erkestiftet si hovudkyrkje. Ordinasjonen er omtalt som ei viktig hending for både Hellige Nikolai menighet og Bebudelsens kirkeforeining i Bergen, som hadde støtta han gjennom utdanning og førebuing.

Han har teologisk utdanning frå St. Vladimir's Seminary i New York, ei av dei viktigaste ortodokse teologiske utdanningsinstitusjonane.

Etter utdanning fekk han praksis og presteteneste i St. Seraphim Orthodox Church i Santa Rosa, California, ein stor og internasjonal menighet kjent for å gi opplæring til nye prestar.

Kjelder: archeveche.eu, ortodoks.org

Dagfinn Høybråten:

Stå i stormen

Temakvelden 29. januar samla mykje folk. Då hadde me vitjing av Dagfinn Høybråten, for oss mest kjend som helseminister, «røykelova sin far» og generalsekretær i Kirkens Nødhjelp. Og Høybråten skuffa ikkje. Gjennom ein time, som gjekk heller fort, hadde han forsamlinga med seg.

Herman Inge Aadland

Høybråten innleia med å lata vel om bygda vår. Ho var vakker både frå lufta og nede på bakken denne strålande vinterdagen. Han gledde seg også over å få vera saman med dei mange frammøtte. Men det tok ikkje lang tid før han «slepte katten or sekken». Han tok oss med attende til 2004. Livet var travelt og rimeleg stressande. På denne tida var han både helseminister, partileiar og koordinator med arbeidsdagar som ofte oversteig 14 timar. Midt oppe i dette fekk han plutsleg drapstrugs-mål. Nokon tykte at arbeidet med røykelova fortente det. Brått var heimen gjort om til ein festning med fullt politivern. Familien kjende seg rimeleg trygg med vern frå PST, men situasjonen var ekkel.

Etter kvart vart den som truga, arrestert, dømt og fekk si soning for ugjerninga. Men mange krefter i samfunnet var stadig ute etter han og stempla han som «mørkemann, mulla og fundamentalist».

Kampen for røykelova vann likevel fram. Saman med Irland gjekk Noreg i front, og i dag har arbeidet med å få ned skadeleg røyking medvind over heile kloden.

Ikkje alle politikanerane var begeistra, men etter kvart vart det bygt alliansar. Og Høybråten løfta fram eit par viktige namn: Gerd Liv Valla og Jan Petersen. Helsedirektøren heia også på prosjektet og bad om djerpe mål og om skikkeleg fagleg kunnskap om tobakken sine skadeverknader.

Kampen var knallhard, men helseeffekten var meir enn verd innsatsen. Mange liv er berga dei siste 20 år.

Høybråten tok oss også med ut i den store verda. Åra som generalsekretær i Kirkens Nødhjelp sette djupe spor. Nauda er uendeleg, men sigrane og gledene er også mange og store.

Utfordringane gjennom livet hadde vore krevjande, ja, over evne. Det kunne fort ha stoppa opp. Men ei år-

deleg realitetsorientering vart til stor hjelp. Gudstrua vart den berande krafta.

«Føter på fjell» var ei av overskriftene hans. Det gjeld å finna fotfeste, finna balanse, finna vegen og finna kjeldene. Å finna kjeldene til meining er viktig: Kvifor held eg på med dette? Kva er drivkrafta? Kor fornyar eg motivasjonen? Han understreka det fundamentalt viktige i å finna balansen mellom arbeid og kvile, og å ikkje la familien bli ein salderingspost. Heimegarden var ein verkeleg oase i livet då det var på det mest hektiske. Der kunne batteria ladast.

Det vart sagt mykje anna godt og viktig under foredraget. Berre litt av dette kan takast med her. Men han avslutta med å oppmoda oss til å: «Gje håpet næring!» Det skjer så ufatteleg mykje godt i verda, - store og gledelege saker som går under radaren. Dei gode nyhenda når alt for ofte ikkje fram. Ikkje minst i Afrika er det mykje å gle seg over.

Foredraget munna ut i ei oppmoding om å visa nestekjærleik og miskunn i praksis: «Nekt ikkje den trengjande hjelpa di når det står i di makt å gje den.»

Det kunne vera nærliggjande å tru at ein kveld med ein slik kapasitet lett kunne enda opp i sjølvskryt: «Sjå kva eg har gjort!» Men det motsette var tilfelle. Høybråten var audmjuk og lågmælt og heller oppteken av å ta oss med inn i det han hadde fått lov til å vera med på.

Kvelden baud også på to vakre musikalske innslag ved Benedicte Meyer. Ho innleia med «Preludium nr. 12 i f-moll» av J. S. Bach og avslutta med «Trestemmig invensjon i Ess-dur» av same komponist. Og det lydde stemmer i forsamlinga som sa at: «Dette vil me ha meir av!»



Ei frydefull stund í kyrkja

For ein herleg variasjon det er på temakveldane i Fitjar kyrkje! Den siste var i så måte ikkje noko unnatak. Torsdag 26. februar hadde me vitjing av Hans Eivind Riise, ein 75 år gammal pensjonert lærar med veldig brei livsrøynsle og god ballast.

Herman Inge Aadland

Temaet hans var: «Ta sjansen på å blomstre i andre halvdel av livet.» Riise er eit fyrverkeri av ein foredragshaldar, og han brukte ikkje lang tid på å fanga forsamlinga. Med utgangspunkt i Enneagrammet, teorien om dei 9 mennesketypane, gav han oss kunnskap, visdom, ettertanke og ein god dose lått og leven. For min eigen del forlèt eg denne temakvelden med eit stort og varmt ynske om å få lov til å bløma- på min måte – mot livskvelden. Det går verkeleg an når du er trygg i trua og ven og fortruleg med deg sjølv!

Riise bad oss spørja: Kva er typisk med meg? Kva tenkjer du på midt i livet? Er du på jakt etter noko meir? Så fortalde han om nokre ungdommar frå Stavanger som fekk spørsmålet: «Er det nokon heime?» Svaret lydde: «Vett`kje eg.» Og han la til: Det er lettare å bli 35-40 år enn å bli moden. Eitt av fyndorda hans lydde slik: «Den som er ferdig utlært, er ikkje utlært men ferdig.»

Det var ikkje vanskeleg å forstå at Riise er pedagog. For det første illustrerte han foredraget med flotte fotografi han sjølv hadde teke. Ikkje minst av fortrulege ekorn. I tillegg til dette understreka han kvar personlegdomstype med velvalde songar frå mange sjangrar. Her hadde han fått med seg veslebror sin, Trond (71 år). Trond er

ein racer på piano og Hans Eivind ein habil gitarist, og saman fyrte dei opp den lydhøyre forsamlinga. Dette var både kjempegøy og til ettertanke.

Eit anna ord til ettertanke var dette: « Når blada fell i skogen, kan du få tydelegare inntrykk.» Alderen har absolutt noko godt med seg. Og når det gjeld personlegdomstypar, er det du sjølv som skal kjenna deg att. Det er ikkje andre som skal plassera deg.

Mot slutten av foredraget spurde Riise: «Krevst det noko av meg i den andre enden av livet? Kanskje skal eg ikkje førestilla meg og spela så mykje teater for meg sjølv og for galleriet? Kanskje eg skal slutta å halda fast på mitt oppblåsne sjølvbilete?»

Foredraget enda opp i velsigninga som i klårtekst fortel oss at me er sett med kjærleik av Gud frå alle vinklar. Hans andlet lyser over oss med nåde, og hans åsyn er løfta over oss og gjev oss sin fred. Når det er den verkelege situasjonen vår, kan me trygt vera «late bloomers»- i tillegg til også å ha blømt rimeleg greitt tidlegare i livet. Det er aldri for seint.



Hans Eivind Riise

er kjend som ein svært aktiv og lidenskapeleg naturfotograf, særleg med fokus på ekorn og småfugl.

Han har fotografert “alt mogleg” heile livet, men fekk ei særleg sterk interesse for ekorn og fuglar dei siste 8–10 åra.

Han er ofte å finna i skogen ved Dyrsnes natursenter ved Store Stokkavatn, der han set seg stille ved ein lita dam som han og Stavanger Fotoklubb har bygd for å lokka dyr til vatnet.

Hans Eivind Riise kjem opphavleg frå Hamar, der han i ungdommen spelte fotball for Ham-Kam. For rundt 25 år sidan flytta han til Stavanger, der han seinare jobba som rådgjevar ved Godalen vidaregåande skole, ein jobb han opplevde som svært meningsfull.

Kjelde: eavis.no

Arbeid på gravplassen

Harald Rydland

Som de ser av det gamle bildet av kyrkja og Sjøsbrekko, har det gjennom åra vore behov for å utvida gravplassen fleire gongar. No om dagen held me på å førebu to nye prosjekt som me legg opp til skal vera ferdigstilt i løpet av året, men denne gongen skal me ikkje utvida arealet på gravplassen.

Minnelundar for urnegraver er etter kvart etablert i mange kommunar. Eit slikt tilbod vil no verta tilgjengeleg på Fitjar og. På eit ledig areal på den nyaste delen av gravplassen kjem det eit nytt gravfelt med plass til 200 urnegraver, felles monument til namneplater og eit fint parkanlegg i tilknytning til dette. Me har fått inntrykk av at mange i Fitjar ynskjer dette velkommen.

Det andre prosjektet gjeld etablering av graver som kan brukast av muslimar. Etter gravplasslova er dette noko



alle kommunar er pålagt å ha eit tilbod om. Her vil me leggja til rette for eit lite gravfelt for kistegraver der øvste del av gravplassen endar ved sida av Sjøsbrekko.

Ta kontakt med kyrkjeverja dersom det skulle vera spørsmål om desse prosjekta.

Vidare på tur

Randi Lønning Matre

Ein mørk og kald kveld i januar møttest 4 ungdomar til VIDARE-samling. Denne kvelden gjekk me til Tveitaslottet. Det var ein klar kveld med stjerner på himmelen og litt is på stien, og det var godt å komme inn i ei lun hytte. Det var nokon som hadde fyrstidlegare på dagen. Mat høyrer alltid med på samlingane våre. Randi hadde med pizzasnurrar og kakao. Ho slapp bera dei ned igjen. Me fekk fine samtalar om livet, trua og undra oss saman over nokre av dei store spørsmåla i livet.

Har du ungdommar frå 15-årsalderen og oppover, er dei hjarteleg velkomne til samling i kyrkjestova i Fitjar kyrkje. Det er der me brukar ha samlingane våre. Neste samling er 17. mars kl. 19:30!



Tårnagentar i kyrkja

Randi Lønning Matre

14. og 15. februar var ein heil gjeng med agentar samla i Fitjar kyrkje. 26 tredje-klassingar møtte opp i kyrkja, spente på kva dagen skulle bringe. Først måtte dei gjennom ei opptaksløype for å bli tekne opp som agentar. Alle kom gjennom labyrinthen og bestod. Som gode agentar løyste dei oppdrag etter oppdrag. Dei fann alle skattane, laga bilete, kross, fastelavnsris, perlepynt og var med i gudstenesteførebuingar. Som tårnagentar var dei også ein tur oppi tårnet og såg på klokke-

ne som heng der og den flotte utsikta. Innimellom alt dette var det tid til agentmat – pølser i brød!

Søndag var agentane med gjennom heile gudstenesta. Dei kom snikande inn med agentmusikk, dei ønska velkomen, las bibeltekstar og bønner, og dei var med i songar. I gudstenesta fekk dei ei bok i gåve frå kyrkjelyden: Skatten i Liljedal. Ei spanande bok om tre venner som er komne på sporet av nokre kyrkjeskattar. Tusen takk for ei kjekk helg saman med flotte agentar, supre ungdomar og vaksne som er med og gjer ein flott innsats for barn i kyrkja.



”

Lat det same sinnelaget vera i dykk som òg var i Kristus Jesus! Han var i Guds skapnad og såg det ikkje som eit rov å vera Gud lik, men gav avkall på sitt eige, tok på seg slaveskapnad og vart menneske lik. Då han stod fram som menneske, fornedra han seg sjølv og vart lydig til døden, ja, døden på krossen. Difor har òg Gud opphøgd han til det høgste og gjeve han namnet over alle namn. I Jesu namn skal difor kvart kne bøya seg, i himmelen, på jorda og under jorda, og kvar tunge vedkjenna at Jesus Kristus er Herre, til Gud Faders ære!

Fil. 2. 5-11

Den stunda i Getsemane

Edward Payson Hammond/ Johannes Barstad

*Den stunda i Getsemane
Eg aldri gløyma kan,
Då du låg skjelvande på kne,
Min Gud og Frelsarmann.*

*Getsemane, Getsemane,
Der du, min Frelsar god,
For meg låg skjelvande på kne
Så sveitten draup som blod!*

*Du sorgtyngd inn i hagen kom
Og stridde sårt for oss,
Du tok vår synd, vår død og dom,
Du bar det til din kross.*

*Av kjærleik der du sveitta blod,
Av kjærleik der du bad,
Av kjærleik skjelvande du stod,
Så eg går frelst og glad.*

*Men vil min kjærleik kolna av,
Min Frelsar, eg deg bed:
Å, minn meg om din kross og grav
Og om Getsemane!*



Foto: ChatGPT

Vakre stearínljós til påske

Status for sal av stearínljós og tennbrikettar til inntekt for misjons-prosjektet vårt i Mali.

Herman Inge Aadland

Salet gjekk strykande utetter hausten. I god tid før jul var alle kvite, raude, lilla, kuleljosa, Heilagtrekongars-ljosa og alle tennbrikettane rivne bort. Det eg sat att med var 21 pakkar gule ljós. Men det stressa meg ikkje, for den fargen er meir aktuell til påske. No er det, derimot, aktuelt å tenkja framover, og eg har god von om at dei gule ljosa skal pryda mange festbord i påskehøgtida. Klarar me å omsetja restopplaget, betyr det ytterlegare 1575 gode kroner til prosjektet. Eg kjøper i alle fall to pakkar sjølv, og så håpar eg at andre fer med resten. Det burde gå fint!

**Varm takk til alle
kjøparar så langt!**



Nordiske påskesalmar

Benedicte Meyer

Fitjar kyrkjekor har gjort eit djupdykk i skatten vi finn i Den norske Salmeboka, og på temakvelden 26.mars vil dei saman med solist Arne Kvarven presentera eit utval nordiske påskesalmar. Tenoren frå Bømlo har markert seg i mange samanhengar, mellom anna song han i NRK-programmet «Grieg for minutt for minutt». Han har og gitt ut fleire album, og han har ein master i utøvande song frå Griegakademiet i Bergen.

Programmet omfattar salmar frå heile lidingshistoria, og både svensk, dansk, islandsk og samisk tradisjon er representert i tillegg til den norske. Dessutan gjer me ein liten avstikkar til Tyskland, når Arne Kvarven framfører ein av ariane frå Matteuspasjonen av Joh. Seb. Bach.

Hjarteleg velkomen til denne vesle reisa i salmeboka! Kanskje vert nye dører opna til påskebodskapen?

”

Ved daggry første dagen i veka kom kvinnene til grava og hadde med seg den angande oljen dei hadde gjort i stand. Då fekk dei sjå at steinen var rulla ifrå grava. Dei gjekk inn, men fann ikkje Herren Jesu kropp. Dei visste ikkje kva dei skulle tru, men med eitt stod det to menn hos dei i skinande klede. Kvinnene vart forfærde og bøygde seg med andletet mot jorda. Då sa mennene til dei: «Kvifor leitar de etter den levande mellom dei døde? Han er ikkje her, han er reist opp. Kom i hug kva han sa til dykk medan han endå var i Galilea: ‘Menneskesonen skal gjevast over i hendene til syndige menneske og bli krossfest, og tredje dagen skal han stå opp.’» Då kom dei i hug orda hans. Og dei gjekk bort frå grava og fortalde alt dette til dei elleve og til alle dei andre.

Luk. 24. 1-9

Temakveld i Fitjar kyrkje
torsdag 26. mars kl.19.30



Fitjar Kyrkjekor
dirigent : Benedicte Meyer
solist: Arne Kvarven

Nordiske påskesalmar



Inngang kr. 200
Velkommen!

Soknerådet/temakveldgruppa



Foto: ChatGPT

Med dåpskluter fra Madagaskar til Norske menigheter

I dåps- og misjonsbefalingen gir Jesus sine disipler i oppgave å døpe og lære. I dåpsklutene fra Madagaskar blir sammenhengen mellom dåp og misjon tydelig.

Martin Ivar Arnesen

Rambolamanana Mamitiana Fanjanirina fra Antsirabe på Madagaskar startet produksjon av dåpskluter i 2002, og over 100 000 barn i norske menigheter har fått dåpsvannet tørket av hodet med kluter fra Broderi Fanja.

Fanja, som hun kalles, var eldste barn i en søskenflokk på 7. Hennes far døde da hun var 18 år, og hun måtte ta et stort ansvar for mor og yngre søsken. Hun måtte også avslutte skolegangen. Hun forteller at dette gjorde henne selvstendig og ansvarsbevis.

22 år gammel gifta hun seg med Jaofera Mignon som var prest. Sammen reiste de til Andapa på nord-Madagaskar hvor han fikk arbeide som prest. Etter noen år der gikk veien sørover til Antsirabe, hvor Mignon ble leder av det nasjonale evangeliseringsarbeidet. De har 2 jenter – Mira 33, og Ando 30, og 2 barnebarn.

I 1994 starta hun i det små med broderier. Det første året var hun aleine om arbeidet, men allerede året etter ansatte hun 6 kvinner. Nå har hun 40 ansatte.

De broderer duker, klær, bunader, ja alt som kan broderes. Men den viktigste inntektskilden er dåpsklutene. De viktigste kundene er norske. Derfor tilpasses produktene norske ønsker og behov, og det broderes Hardangerduker og bunader med forskjellige mønstre etter ulike tradisjoner.

For Fanja er dette mer enn et arbeid og en inntektskilde. Det er et tydelig kall. Hun ønsker å være noe for sine medmennesker. Kvinnene hun har ansatt kommer fra forskjellige bydeler i Antsirabe, og hun ønsker å hjelpe og veilede kvinner som har et talent for å brodere. Hun forteller: «Det er viktig for meg å hjelpe de som trenger hjelp. Og som kristen har jeg et ansvar for å dele kunnskap, tro og penger – ja egentlig alt jeg har fått!»

«Et livsmotto for meg er Kol 3,23: Alt arbeid skal dere gjøre helhjertet, for det er Herren og ikke mennesker dere tjener!»

De som arbeider hos Fanja er som en stor familie. «Jeg legger stor vekt på trivsel, helse og godt arbeidsmiljø». 2 ganger årlig har de «helsesdager» med helsekontroller og undervisning i helse, hygiene og kosthold. Om noen er syke får de medisiner og oppfølging. De ansatte har til sammen over 50 barn som hver dag kommer og får et varmt måltid mat sammen med sine mødre. Det går på omgang mellom mødrene å lage maten. «Det er viktig for meg at kvinnene gis tillit og ansvar: de lager mat, handler inn, får ansvar for penger, renhold, materiell, skole- og leksehjelp for barna. Det skaper trivsel og samhold mellom kvinnene. Sykefraværet blir lavere, og vi arbeider mer effektivt».

Fanja forteller at hun lærer hele tiden. «Jeg har et ønske om å hele tiden utvikle meg selv, og det arbeidet vi gjør».

Fanja har vært flere ganger i Norge. Her har hun gjennom årene fått en god og stor venneflokk: «Og så samler jeg krefter og får inspirasjon til arbeidet på Madagaskar».

Fanja er opptatt av at bedriften skal ledes og drives på en god måte også i framtiden. «Vi trenger nå en medarbeider som kan ta lederansvar sammen med meg. Gud er den som kaller og sender. Og det er Han som arbeider i og med oss. Og så trenger vi fortsatt forbønn og økonomisk hjelp. Utfordringene er store i et så fattig land som Madagaskar. Men mest av alt er vi takknemlige: takknemlige til alle som setter pris på og kjøper og bruker våre dåpskluter, duker og andre ting som vi lager. Takknemlige til alle fra Norge som kommer på besøk i butikken. Og takknemlige til Gud som har kalt oss og som kan bruke oss!»



Sommarjobb på Fitjar kyrkjegard

Me treng sommarvikarar på gravplassen
i perioden juni- august.

Den som vert tilsett skal arbeida med plenklypping,
stell av bed og planter, litt vedlikehald og anna
førefallande arbeid.

Det er krav til at den som vert tilsett er
over 16 år og snakkar norsk.

Interesserte kan senda søknad til:

kyrkja@fitjar.kommune.no innan 17. april 2026.

Ta med i søknaden kva tid du har høve til
å arbeida gjennom sommaren.

Meir informasjon er å få hos kyrkjeverje
Harald Rydland på tlf. 913 47 802



PÅSKEMØTE FITJAR BEDEHUS

1. – 6. APRIL

**Marit Stokken Berland
og Jarle Berland**



Ons – Fre – Lau – Søn – Mån: **Møte kl 19.00**
Skjærtorsdag: **Nattverderdmøte kl 19.30**

Bøn på Bedehusloftet ½ time før kveldsmøta

Velkommen!

Arrangør: Fitjar Indremisjon

Fitjarhelg på Helgatun 17.-19. april 2026



**Fitjar sokneråd inviterer DEG til å vera med på
FITJARHELG
på fjellpensjonatet HELGATUN i Myrkalden**

Ei helg som passar for folk i alle aldrar, med gode samlingar og god
tid til å nyta snøen og fellesskapet. Skitrekket brukar å vera
ope ut april, og skulle det vera lite snø i terrenget rundt Helgatun
så er det berre 10 min å køyra til Vikafjellet med gode snøforhold.

Pris for heile helga med alle måltid:

Vaksne 20 år+ : 1850,- Ungar/ungdomar 8-19 år: 950,-

Ungar 3-7 år: 630,- Ungar 0-2 år: gratis

*Har ein økonomiske utfordringar kan ein be om støtte til opphaldet.
Ta i tilfelle kontakt med kyrkjeverge Harald Rydland tlf 913 47 802.*

Påmelding innan 27.03.26 digitalt via heimesida til kyrkja eller
facebook-hendinga Fitjarhelg på Helgatun 2026 (har du utfordringar
med dig.påmelding kan du ta kontakt m/Helga Rimmereid 975 28 001).

ALLE er velkomne til å melda seg på!

Misjonssamling

Fitjar bedehus onsdag 15. april kl. 18.00

Andakt
ved Jørgen Knudsen

Song ved Mimosa

Kveldsmat

Misjonskollekt

Alle er velkomne!



Arr.: Det norske misjonsselskap

samen ferar vi verda



||| GSE SANDVIK AS

55 60 18 20

**VAREHUSET
RYDLAND**
Tlf: 53 49 73 07 / 53 49 73 09 www.rydland.as
elON **fagmøbler**

Duo

OPNINGSTIDER:

Man-tys-fre:9-16

Ons-tor:9-18

Laurdag:10-14

No kan du bestille time på nett:
www.ledigtime.no

Tlf. 53 49 79 72

FITJAR KRAFTLAG

<http://www.fitjar-kraftlag.no> - 53 45 76 00

LERØY
SJØTROLL

Lerøy Sjøtroll Kjærelva AS
Kjærelvvegen 55
5419 Fitjar
www.leroyseafood.com

**Stord
Begravelsesbyrå**
Tlf. 53 41 64 05

**PORT
STEINGARD**

Port Steingard AS

Postboks 11, 5418 FITJAR
Telefon 916 67961

NBK
norges bygdekvinne
lag

Fitjar
Bygdekvinne
lag

FBS **FITJAR BYGDASERVICE SA**
BRØYTING - TREFELLING
Tlf: 53 27 72 01 KARL ANDRÉ 53 77 03 12



KRÅKO GJESTETUN

Telefon:
53 22 26 20 / 414 28 038
E-post:
post@krakogjestetun.no

Hår loftet
OPNINGSTIDER:
Mån, tirs, fre: 9-16
Ons, tors: 9-18
Laur (kun drop-in): 10-13
Fiks frisyren hos oss!
Treff oss i 2. etg i Larsen bygget
For timebestilling ring:
53 49 78 90



GRØNAVIKJO UTVIKLING AS

www.gronavikjo.no

Vesthaugane

www.vesthaugane.no
Telefon: 91 82 41 58

Engesund
Fiskeoppdrett
Visningscenter
Mobilnr: 951 89950



Kontaktinfo:
Serina Sørfohn
902 27 978

WAAGE ANLEGG

www.waageanlegg.no
inge@waageanlegg.no | Tlf: 958 86 390

Interflora | **Galleri Flora** | Tlf: 53 49 95 00 www.interflora.no
Blomster - Gaver - Gravsteiner

Kråko
Kråko Utvikling AS



FITJAR MEKANISKE VERKSTED AS

post@fmvas.no - 53 45 72 00

www.fmvas.no



FITJAR

SMÅBÅT AS



Årskog, 5419 Fitjar - 944 30 500 - <http://www.fitjarbaat.no>

SPAR



KVERNENES BÅTBYGGERI

Kalveid 27, 5419 Fitjar

Tlf: 940 39 639 - baatbygg@kvernernesbaat.no



Hatlevik Rør AS

Tlf: 53 49 93 15



FOTTERAPEUT

med diabetes forjupning

Liv Heidi Kolbeinsvik

Ring meg på 970 47 907

Klinikk i 3. et. i Larsenbygget - Fitjarsjøen 18



Fitjar FJORDHOTELL

Tlf. 53 45 77 00

Videoen Kiosk



Engevik & Tislevoll a.s. MESTERHUS

Telefon:
53 45 73 00

E-post:

post@engevik-tislevoll.no

VERDIG GRAVFERD

Vakttelefon: 91 80 00 40



Aarskog Elektro

AUT. ELEKTROENTREPRENØR - 5419 FITJAR
TLF. 53 49 71 00 - MOB. 40 40 41 45

REMA 1000

bare lave priser

Fitjar - tlf. 53 49 70 50

CARFIX

Carfix Fitjar

Tlf: 53 49 71 21

progreen

AQUA PRODUCTS

Havnavegen 90, Fitjar

www.progreen.as

SparebankenVest

VI ER FAMILIEBANKEN

Vi følger deg hele livet



Sal av kraftfor, gjerde-
matriell og spon

NESEGUTANE AS

Tlf. 992 23 972 - Sandvikvåg. 700



ØYA BYGG

Nybygg · Tilbygg · Rehabilitering

DANIEL TISLAVOLL

post@oyabygg.no

456 67 418

K.VOLDEN

Slekters gang

Døypete:

11.01.
Eirin Korsvik

18.01.
Emilie Benjaminson Helland

25.01.
Tuva Rusten Koløen
Ingrid Kambe Andersen

22.02.
Aron Ask Søreide
Åshild Bukkholm Svalestad

Jordfeste:

Berit Signy Helle
f. 09.02.1943- d. 13.12.2025

Margit Skumsnes
f. 09.03.1934- d. 24.12.2025

Solveig Marie Salamonsen
f. 25.02.1935- d. 08.01.2026

Else Wåge
f. 24.11.1951- d. 29.01.2026

Margit Malena Madsen
f. 25.08.1931- d. 24.02.2026

Gudstenester

Dato	Kl.slett	Kyrkjeår/merknad	Prest	Takkoffer formål
22.03.	kl.11:00	Innsetjings-gudsteneste	Eli-Johanne Rønnekleiv	Barne og ungdomsarbeidet på bedehuset
29.03.	kl.11:00	Palmesøndag	Sven Harald Nilsen	KUL, Kyrkjeleg undervisning og læring
02.04.	kl.11:00	Skjærtorsdag	Eli-Johanne Rønnekleiv	Kirkens SOS
03.04.	kl.11:00	Langfredag	Eli-Johanne Rønnekleiv	
05.04.	kl.11:00	Påskedag	Eli-Johanne Rønnekleiv	Misjonsprosjektet NMS
06.04.	kl.11:00	Dåfjorden/Fam.gudsteneste	Eli-Johanne Rønnekleiv	Kirkens bymisjon Stord
12.04.	kl.11:00	Barnas Påskefest	Eli-Johanne Rønnekleiv	Kyrkjelydsarbeidet
19.04.	kl.11:00	3. søndag i påsketida	Sven Harald Nilsen	Kirkens nødhjelp
26.04.	kl.11:00	4. søndag i påsketida	Eli-Johanne Rønnekleiv	IMS
03.05.	kl.11:00	5. søndag i påsketida	Sven Harald Nilsen	Blå kors
06.05.	kl.18:00	Samtalegudsteneste	Eli-Johanne Rønnekleiv	
09.05.	kl.11 og 13	Konfirmasjon	Eli-Johanne Rønnekleiv	
10.05.	kl.11:00	Konfirmasjon	Eli-Johanne Rønnekleiv	
14.05.	kl.11:00	Kristi himmelfarts-dag	Eli-Johanne Rønnekleiv	Normisjon
17.05.	kl.11:00	Grunnlovstag	Eli-Johanne Rønnekleiv	Kirkens Nødhjelp

